

**Fra:** Knut Inge Andersen (knia@equinor.com)

**Sendt:** 31.10.2020 08:53:14

**Til:** Politisk

**Kopi:** Stian Jean Opedal Davies; Haugland, Nils

**Emne:** Spørsmål møte KULII 4.november 2020 - Vestland fylkeskommune og flagging på samefolkets dag 6.februar

**Vedlegg:**

I 2003 vart 6.februar (samefolket sin dag) offisiell flaggdag i Noreg. Difor skal det flaggast med det norske flagget ved alle offentlege bygg den dagen, og det er valfritt å flagge også med det samiske flagget. Flagging den 6.februar er ei helsing til samane og ei anerkjenning av samisk identitet.

Den historiske bakgrunnen for datoan 6. februar er at det første samiske landsmøtet vart halde den 6. februar i 1917, i Metodistkyrkja i Trondheim.

Elsa Laula Renberg stod bak ideen og gjennomføringa av møtet som samla over hundre deltagarar, ein stor del av desse var kvinner. Trondheim kommune vedtok nyleg å ære henne med ein plass i Trondheim oppkalla etter seg.

Spørsmål:

1. Vestland er eit nytt fylke og har markert 6.februar berre ein gong. Vart det nytta samisk flagg ved sidan av det norske den 6. februar 2020 i samband med flagging frå fylkeskommunen sine bygningar, slik flagglova tillet?
2. Dersom det ikkje vart flagga med samisk flagg i tillegg til det norske – er utvalsleiar einig i at ein innfører denne praksisen i Vestland fylkeskommune frå og med 6.februar 2021?

Helsing

Knut Inge Andersen

Utvalsmedlem

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar

---

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you